



Møteprotokoll

Utval: levekårsutvalet
Møtestad: kommunestyresalen
Dato: 03.06.2026
Tid: kl. 12.30 - 16.50

Desse møtte

Magne Olav Gurskevik
Magnus Kleven Eriksen
Mariette Elise Gjerde
Oddvar Gjerde
Svanhild Hasfjord Rise
Berit Lyngstad

Representerer

Ap
Frp
Frp
Sp
SV
V

Funksjon

medlem
medlem
leiar
nestleiar
medlem
medlem

Forfall

Erica Ruiz Solhjem

Representerer

H

Varamedlem

Erlend Eidem

Representerer

H

Andre møtte

Jarl Martin Møller adm.
Karen Strand adm.
Inger Lise Kaldhol adm.
Hanne Marte Sukka adm.
Norunn Dimmen adm.
Robert Pedersen Løkketangen adm.
Odd Gunnar Myhre adm.
Cecilie Roppen adm.

kommunedirektør
kommunalsjef oppvekst og kultur
kommuneoverlege
kvalitets- og tenesteutviklar
leiar for koordinerane eining
rektor kulturskulen
leiar Inkludering og mangfald
planleggar

Møtenotat:

Før møtestart var det årsmøte for Ulstein frivilligsentral.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 34/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1469
PS 35/26	Godkjenning av protokoll	26/1469
PS 36/26	Orienteringar	26/1469
PS 37/26	Referatsaker	26/1469
PS 38/26	Delegerte saker	26/1469
PS 39/26	Høyring - Plan for naturmangfaldet i Ulstein	22/2545
PS 40/26	Lokalisering av bufellesskap	25/1882
PS 41/26	Rusmiddelpolitisk handlingsplan	26/1400
PS 42/26	Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane	25/290
PS 43/26	Helsestasjonstenesta i Ulstein	26/1460
PS 44/26	Fornyng av samarbeidsavtale om UNG kunst og kultur	22/2357
PS 45/26	Forskrift om tilskotssats for grunntilskot for private barnehagar for 2027 - høyring	26/1446
PS 46/26	Ny generell del av rammeplanen for kulturskulen	26/1428
PS 47/26	Utgreiing kulturarbeid Ulstein kommune	26/1459
PS 48/26	Generelle søknadar om økonomisk tilskot - Tildeling 1. halvår 2026	26/1
PS 49/26	Tertialrapport 1 - 2026	26/1462
PS 50/26	Gåve - båt til praktisk undervisning i oppvekstsektoren	26/1469

Ulsteinvik, 04.06.2026

Mariette Elise Gjerde
utvalsleiar

PS 34/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende med merknadane som ligg føre.

Behandling:

Det vart bestemt å opprette ei ny sak i møtet: PS 50/26 Gåve - båt til praktisk undervisning i oppvekstsektoren.

Det hadde kome inn nye opplysningar på e-post til utvalet i PS 40/26 Lokalisering av bufellesskap.

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 35/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 36/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
09/26	Orientering om legeteneste/folkehelse
10/26	Orientering - Inkludering og mangfald
11/26	Orientering om Ulstein kulturskule

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitende.

Behandling:

Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol orienterte og svarte på spørsmål om legetenesta og folkehelse.

Leiar for Inkludering og mangfald, Odd Gunnar Myhre, gav ei orientering om eininga si. Han svarte også på spørsmål.

Rektor på kulturskulen, Robert Løkketangen, orienterte og svarte på spørsmål om kulturskulen.

Orienteringane vart samrøystes tekne til vitende.

PS 37/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
15/26	Årsmelding Helsefellesskap

Vedtak:

Referatsaka vert teken til vitende.

Behandling:

Referatsaka vart samrøystes teken til vitende.

PS 38/26 Delegerte saker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
107/26	Svar på søknad om fornying av parkeringsbevis for forflytningshemma
94/26	Svar på søknad om parkeringsbevis for forflytningshemma
95/26	Svar på søknad om parkeringsbevis for forflytningshemma
108/26	Svar på søknad om parkeringsbevis for forflytningshemma
96/26	Svar på søknad om parkeringsbevis for forflytningshemma
109/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
105/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
103/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
100/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
106/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
104/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
110/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
101/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
102/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
99/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
112/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning ved Ulsteinvk barneskule
111/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning
113/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning ved Ulsteinvik barneskule
114/26	Svar på søknad om permisjon frå undervisning ved Ulsteinvik barneskule

Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til vitende.

Behandling:

Delegerte saker vart samrøystes tekne til vitende.

PS 39/26 Høyring - Plan for naturmangfaldet i Ulstein

Vedtak:

Levekårsutvalet er positive til at Ulstein kommune no får ein eigen temaplan for naturmangfald. Planen gir kommunen eit viktig kunnskapsgrunnlag og tydelege strategiar for å ta vare på naturverdiane våre gjennom arealforvaltning, restaurering og betre kartlegging. Planen peikar på arealendringar som den største trusselen mot naturmangfaldet. Levekårsutvalet meiner det er viktig med god samhandling for å sikre at naturmangfaldplanen blir ein viktig del av vurderingane når kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar skal behandlast. Levekårsutvalet ber administrasjonen ha dialog med viltutvalet, som hadde viktige innspel.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Berit Lyngstad, Venstre

Levekårsutvalet er positive til at Ulstein kommune no får ein eigen temaplan for naturmangfald. Planen gir kommunen eit viktig kunnskapsgrunnlag og tydelege strategiar for å ta vare på naturverdiane våre gjennom arealforvaltning, restaurering og betre kartlegging. Planen peikar på arealendringar som den største trusselen mot naturmangfaldet. Levekårsutvalet meiner det er viktig med god samhandling for å sikre at naturmangfaldplanen blir ein viktig del av vurderingane når kommuneplanen sin arealdel og framtidige reguleringsplanar skal behandlast. Levekårsutvalet ber administrasjonen ha dialog med viltutvalet, som hadde viktige innspel.

Planleggar Cecilie Roppen orienterte og svarte på spørsmål.

Røysting:

Framlegget frå Berit Lyngstad (V) vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Uttale til planframlegget vert lagt fram utan tilråding.

Vedtak som innstilling frå viltutvalet - 27.05.2026 - 15/26

Innspel frå viltutvalet i Ulstein til Plan for naturmangfaldet i Ulstein kommune

Viltutvalet i Ulstein har gått gjennom planutkastet og kunnskapsgrunnlaget for temaplan for naturmangfald. Vi støttar arbeidet og ser planen som eit viktig verktøy for å styrkje naturforvaltninga i Ulstein. Samstundes meiner vi at viltperspektivet er for svakt representert i dokumentet, og at fleire sentrale artar og funksjonsområde må innarbeidast for å sikre ei heilskapleg og kunnskapsbasert forvaltning.

Vi ber om at følgjande punkt blir innarbeidde i det vidare planarbeidet:

1. Manglande omtale av viktige viltartar

Planen omtalar i liten grad viltartar som er viktige for Ulstein sin natur, friluftsliv og arealforvaltning. Dette gjeld særleg:

- Hjort
- Oter
- Orrfugl
- Lirype
- Hare

Desse artane er sentrale både økologisk og for lokal bruk av utmark. Vi ber om at planen får eit eige avsnitt om viltartar og økologiske funksjonsområde.

2. Funksjonsområde for vilt må inn i temakartet

For å sikre gode og etterprøvbare vurderingar i plan- og byggjesaker må temakartet inkludere:

- **Hjort:** trekkruiter, vinterbeite, kalvingsområde og trafikkfarepunkt
- **Oter:** kantsoner, hiområde og viktige bekkar og småvassdrag
- **Orrfugl:** spelplassar og viktige lynghei- og myrområde
- **Rype:** fjellområde med hekkeaktivitet og sårbare ferdselsområde
- **Hare:** leveområde i skog, kulturlandskap og overgangssoner

Dette er vanleg praksis i mange kommunar og bør også vere det i Ulstein.

3. Restaureringstiltak må vurderast opp mot viltinteresser

Planen legg opp til restaurering av myr, vassdrag og kystlynghei. Dette er positivt, men må vurderast opp mot viltartar som nyttar desse områda:

- Myr og lynghei er viktige for **orrfugl, rype og hare**
- Myr og kantsoner er viktige for **hjort og oter**

Vi ber om at alle restaureringstiltak blir vurderte for konsekvensar for vilt, og at dialog med grunneigarar blir ein naturleg del av prosessen.

4. Ferdselsstyring må ta omsyn til vilt

Auka tilrettelegging for friluftsliv kan påvirke vilt negativt. Vi ber om at:

- Eventuelle nye stiar ikkje blir lagde gjennom spelplassar eller rypeområde
- Ferdsel i viktige vinterbeite blir vurdert
- Informasjon og skilting blir brukt for å styre ferdsel bort frå sårbare område
- Leveområde for hare blir vurderte ved nye tiltak i skog og kulturlandskap

5. Kopling til hjorteviltplanen

Hjorteviltplanen er eit sentralt styringsdokument hjortevilt forvaltninga og må sjåast på om denne skal integrerast i naturmangfaldplanen. Vi ber om at:

- mål og tiltak i hjorteviltplanen blir aktivt brukte i arealplanlegging
- trekkruiter og vinterbeite blir synliggjorde i temakartet
- viltforvaltning blir sett i samanheng med naturmangfald, friluftsliv og trafikktryggleik

Oppsummering

Viltutvalet støttar planarbeidet, men meiner at **viltartar og funksjonsområde – inkludert hjort, oter, orrfugl, lirype og hare – må få ein langt tydelegare plass i planen**. Dette er avgjerande for ei heilskapleg, kunnskapsbasert og berekraftig naturforvaltning i Ulstein kommune.

Viltutvalet stiller gjerne opp i vidare dialog og bidreg med lokal kunnskap i det vidare arbeidet.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 02.06.2026 - 29/26

Fellesrådet tek plan for naturmangfaldet i Ulstein til vitende.

PS 40/26 Lokalisering av bufellesskap

Vedtak:

Levekårsutvalet støttar dei prinsipielle vurderingane administrasjonen har gjort i denne saka, basert på ein mangeårig strategi vedteken og stadfesta politisk i mange saker. Samtidig ser vi ønska og behova presentert av foreldregruppa. Levekårsutvalet sender saka i retur til administrasjonen, og ber kommunedirektøren gå i ny dialog for å sikre at foreldregruppa sine synspunkt vert høyrte og vurdert.

Behandling:

Fellesframlegg, foreslått av Berit Lyngstad, Venstre

Levekårsutvalet støttar dei prinsipielle vurderingane administrasjonen har gjort i denne saka, basert på ein mangeårig strategi vedteken og stadfesta politisk i mange saker. Samtidig ser vi ønska og behova presentert av foreldregruppa. Levekårsutvalet sender saka i retur til administrasjonen, og ber kommunedirektøren gå i ny dialog for å sikre at foreldregruppa sine synspunkt vert høyrte og vurdert.

Det vart sett av tid til å lese gjennom dei nye opplysningane som hadde kome i saka, jamfør PS 34/26.

Kommunedirektør Jarl Martin Møller, kvalitets- og tenesteutviklar Hanne Marte Sukka og leiar for koordinerande eining Norunn Dimmen gav ei orientering og svarte på spørsmål om saka.

Røysting:

Fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre ser positivt på foreldregruppa sitt initiativ om å etablere bufellesskap / burettslag for unge med varige behov for heildøgns omsorg.

Ulstein kommunestyre legg til grunn at kommunen skal levere forsvarlege tenester til den einskilde i tråd med lov og regelverk samstundes som ein ikkje undergrev langsiktige strategiar for ei heilskapleg og samordna teneste.

Kommunen sin etablerte strategi med samlokalisering av tilbod gjennom aktiv utvikling av 300 m byen skal vidareførast, og kommunestyret går inn for at nytt bufellesskap for unge vert plassert i sentrum.

PS 41/26 Rusmiddelpolitisk handlingsplan

Vedtak:

Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026–2031* slik han ligg føre.

Behandling:

Kommuneoverlege Inger Lise Kaldhol svarte på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026–2031* slik han ligg føre.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 02.06.2026 - 28/26

Kommunestyret vedtek *Rusmiddelpolitisk handlingsplan 2026–2031* slik han ligg føre.

PS 42/26 Endring av samarbeidsavtalen mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunane

Vedtak:

1. Ulstein kommunestyre vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, pkt 5.2.1.a, for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerende direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart vedteken med 6 røyster mot 1 røyst (Gjerde, Sp).

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommunestyre vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, pkt 5.2.1.a, for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 02.06.2026 - 30/26

1. Ulstein kommunestyre vedtek å endre Samarbeidsavtalen med Helse Møre og Romsdal HF, pkt 5.2.1.a, for utpeiking av representantar til Strategisk samarbeidsutval i Helsefellesskap Møre og Romsdal med slik ny ordlyd:

Kvar av partane peiker ut 4 representantar kvar. Representantane skal vere frå dei to øvste nivåa i Helse Møre og Romsdal HF og kommunane, for tida administrerande direktør, klinikkssjef, fagdirektør, kommunedirektør og kommunalsjef. Begge partar peiker ut 2 faste vararepresentantar som møter ved forfall.

2. Verknadsdato for ny samarbeidsavtale vert 01.10.2026

3. Kommunestyret gir kommunedirektøren mynde til å samarbeide med andre kommuner for å velje nye kommunale representantar til Strategisk samarbeidsutval. Ved val av nye representantar skal ein sikre at kvar region i Møre og Romsdal vert representert. Val av nye representantar skal gjerast før verknadsdato for ny samarbeidsavtale den 01.10.2026.

PS 43/26 Helsestasjonstenesta i Ulstein

Vedtak:

Kommunestyret opprettheld føringa gitt i budsjettvedtak for 2026 og går inn for varig nedskalering av helsestasjonen tilsvarande 1.mill frå 2027. Kommunestyret ser at faktorar som skulesamanslåing og aktivitet knytt til migrasjonshelse/asyl kan påverke dimensjoneringa. Det er difor opp til helsestasjonen og helse og omsorg sjølv å vurdere på kva måte ein tek ned aktiviteten.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret opprettheld føringa gitt i budsjettvedtak for 2026 og går inn for varig nedskalering av helsestasjonen tilsvarande 1.mill frå 2027. Kommunestyret ser at faktorar som skulesamanslåing og aktivitet knytt til migrasjonshelse/asyl kan påverke dimensjoneringa. Det er difor opp til helsestasjonen og helse og omsorg sjølv å vurdere på kva måte ein tek ned aktiviteten.

Vedtak som innstilling frå fellesrådet - 02.06.2026 - 31/26

Kommunestyret opprettheld føringa gitt i budsjettvedtak for 2026 og går inn for varig nedskalering av helsestasjonen tilsvarande 1.mill frå 2027. Kommunestyret ser at faktorar som skulesamanslåing og aktivitet knytt til migrasjonshelse/asyl kan påverke dimensjoneringa. Det er difor opp til helsestasjonen og helse og omsorg sjølv å vurdere på kva måte ein tek ned aktiviteten.

PS 44/26 Fornyng av samarbeidsavtale om UNG kunst og kultur

Vedtak:

Ulstein kommune fornyar samarbeidsavtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune om UNG kunst og kultur for ein ny avtaleperiode frå 01.01.2027. Kommunen søker om årleg tilskot på kr 150 000 frå Møre og Romsdal fylkeskommune i avtaleperioden.

Kommunen prioriterer desse satsingsområda i avtalen:

- å auke det tverrfaglege samarbeidet mellom kultur, oppvekst, helse og andre relevante aktørar
- å styrke UKM - Ung Kultur som sosial og kulturell arena for ungdom, med vekt på mangfald, breidde og utvikling innan ulike kunst- og kulturuttrykk

Kommunen sin eigendel vert dekt gjennom eksisterande ressursinnsats og arbeid knytt til satsingsområda. Avtalen medfører ikkje nye økonomiske konsekvensar for kommunen. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere samarbeidsavtalen og gjere nødvendige administrative tilpassingar i avtaleteksten.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommune fornyar samarbeidsavtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune om UNG kunst og kultur for ein ny avtaleperiode frå 01.01.2027.

Kommunen søkjer om årleg tilskot på kr 150 000 frå Møre og Romsdal fylkeskommune i avtaleperioden.

Kommunen prioriterer desse satsingsområda i avtalen:

- å auke det tverrfaglege samarbeidet mellom kultur, oppvekst, helse og andre relevante aktørar
- å styrke UKM - Ung Kultur som sosial og kulturell arena for ungdom, med vekt på mangfald, breidde og utvikling innan ulike kunst- og kulturuttrykk

Kommunen sin eigendel vert dekt gjennom eksisterande ressursinnsats og arbeid knytt til satsingsområda. Avtalen medfører ikkje nye økonomiske konsekvensar for kommunen. Kommunedirektøren får fullmakt til å signere samarbeidsavtalen og gjere nødvendige administrative tilpassingar i avtaleteksten.

PS 45/26 Forskrift om tilskotssats for grunntilskot for private barnehagar for 2027 - høyring

Vedtak:

Levekårsutvalet legg ut *Forskrift om tilskotssatsar for private barnehagar i Ulstein kommune – tilskotsåret 2027* ut på offentleg høyring.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Levekårsutvalet legg ut *Forskrift om tilskotssatsar for private barnehagar i Ulstein kommune – tilskotsåret 2027* ut på offentleg høyring.

PS 46/26 Ny generell del av rammeplanen for kulturskulen

Vedtak:

Levekårsutvalet vedtek at ny generell del av rammeplanen for kulturskulen slik den ligg føre. Levekårsutvalet vedtek ny generell del av «Rammeplan for kulturskolen – kulturskole for alle» vert innført, og skal leggst til grunn for vidare drift og utvikling av kulturskulen.

Behandling:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Levekårsutvalet vedtek at ny generell del av rammeplanen for kulturskulen slik den ligg føre. Levekårsutvalet vedtek ny generell del av «Rammeplan for kulturskolen – kulturskole for alle» vert innført, og skal leggst til grunn for vidare drift og utvikling av kulturskulen.

PS 47/26 Utgreiing kulturarbeid Ulstein kommune

Vedtak:

Ulstein kommunestyret tek rapporten til vitande. Kommunestyret sluttar seg til at ein arbeidar vidare for å finne ei best mogleg organisering av kultursektoren slik det går fram av saka.

Behandling:

Kommunedirektør Jarl Martin Møller svarte på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyret tek rapporten til vitande. Kommunestyret sluttar seg til at ein arbeidar vidare for å finne ei best mogleg organisering av kultursektoren slik det går fram av saka.

PS 48/26 Generelle søknadar om økonomisk tilskot - Tildeling 1. halvår 2026

Vedtak:

For 1. halvår 2026 tildelast generelle tilskot til følgande:

Hødd Innebandy tildelast 10.000,-

Bugarden velforening tildelast 15.000,-

Behandling:

Framlegg, foreslått av Magnus Kleven Eriksen, Framstegspartiet

For 1. halvår 2026 tildelast generelle tilskot til følgande:

Hødd Innebandy tildelast 10.000,-

Bugarden velforening tildelast 15.000,-

Framlegget frå Magnus Kleven Eriksen (Frp) vart samrøystes vedteke.

Kommunedirektøren si tilråding:

Levekårsutvalet tildeler økonomisk tilskot i tråd med reglementet slik i første runde 2026:

1. .
2. .
3. .

PS 49/26 Tertialrapport 1 - 2026

Vedtak:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1.tertial 2026.
2. Dei private barnehagane vert rentekompensert for feil i tilskotsberekninga for perioden 2022-2025. Kommunal deflator vert lagt til grunn.
3. Budsjettert tilskot til Sætra barnehage på 3 936 570 for haustsemesteret 2026 vert overført til ansvar 2140 Sætra barnehage når kostnadsbudsjetten er klart.
4. Budsjettert inntekt frå refusjon sjukelønn vert auka med 13 033 305 kroner i første tertial, og nytta til å auke lønnsbudsjetten på same ansvar og funksjon som refusjonsinntekta høyrer til. Tilsvarende regulering vert gjort for resten av året slik at det ikkje vert avvik mellom rekneskapsført og budsjettert inntekt knytt til refundert sjukelønn.
5. Budsjetten knytt til konto 14290 Momskompensasjon og konto 17290 Momskompensasjon vert regulert tilsvarende faktisk rekneskapsført kostnad/inntekt. Tilsvarende regulering vert gjort i investeringsrekneskapen for konto 04290 Momskompensasjon og konto 07290 Momskompensasjon.
6. Budsjetterte avskrivningar vert justert i samsvar med bokførte avskrivningar på det enkelte ansvar.
7. Faktisk auka lønnskostnader som følgje av årets lønnsoppgjer og ansiennitetsopprykk/stillingsendring vert å kompensere frå budsjettmidlane på ansvar

- 1111 "Pensjon og lønnsoppgjer". Eventuelt positivt avvik knytt til årets lønnsoppgjer vert budsjettregulert ved å auke avsetnaden til disposisjonsfondet tilsvarande.
8. Faktisk avvik knytt til pensjon på ansvar 1111 Pensjon og lønnsoppgjer funksjon 170/171/172/173 ved årets slutt, vert fordelt ut på avdelingane etter faktisk kostnadsført pensjonskostnad.
 9. Driftsbudsjettet vert regulert tilsvarande endringane i tabellen "Samla forslag til budsjettendringar" under (vist i Framsikt).
 10. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande kolonnen "Forslag til bud.endr. år 1" i tabellen "Investeringar" under (vist i Framsikt).

Behandling:

Kommunedirektør Jarl Martin Møller, kommunalsjef for oppvekst og kultur Karen Strand og kvalitets- og tenesteutviklar Hanne Marte Sukka gav ei orientering i saka.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart samrøystes vedteken.

Kommunedirektøren si tilråding:

1. Ulstein kommunestyre godkjenner tertialrapporten for 1.tertial 2026.
2. Dei private barnehagane vert rentekompensert for feil i tilskotsberekninga for perioden 2022-2025. Kommunal deflator vert lagt til grunn.
3. Budsjettert tilskot til Sætra barnehage på 3 936 570 for haustsemesteret 2026 vert overført til ansvar 2140 Sætra barnehage når kostnadsbudsjettet er klart.
4. Budsjettert inntekt frå refusjon sjukelønn vert auka med 13 033 305 kroner i første tertial, og nytta til å auke lønnsbudsjettet på same ansvar og funksjon som refusjonsinntekta høyrer til. Tilsvarande regulering vert gjort for resten av året slik at det ikkje vert avvik mellom rekneskapsført og budsjettert inntekt knytt til refundert sjukelønn.
5. Budsjettet knytt til konto 14290 Momskompensasjon og konto 17290 Momskompensasjon vert regulert tilsvarande faktisk rekneskapsført kostnad/inntekt. Tilsvarande regulering vert gjort i investeringsrekneskapen for konto 04290 Momskompensasjon og konto 07290 Momskompensasjon.
6. Budsjetterte avskrivningar vert justert i samsvar med bokførte avskrivningar på det enkelte ansvar.
7. Faktisk auka lønnskostnader som følge av årets lønnsoppgjer og ansiennitetsoppprykk/stillingsendring vert å kompensere frå budsjettmidlane på ansvar 1111 "Pensjon og lønnsoppgjer". Eventuelt positivt avvik knytt til årets lønnsoppgjer vert budsjettregulert ved å auke avsetnaden til disposisjonsfondet tilsvarande.
8. Faktisk avvik knytt til pensjon på ansvar 1111 Pensjon og lønnsoppgjer funksjon 170/171/172/173 ved årets slutt, vert fordelt ut på avdelingane etter faktisk kostnadsført pensjonskostnad.
9. Driftsbudsjettet vert regulert tilsvarande endringane i tabellen "Samla forslag til budsjettendringar" under (vist i Framsikt).
10. Investeringsbudsjettet vert regulert tilsvarande kolonnen "Forslag til bud.endr. år 1" i tabellen "Investeringar" under (vist i Framsikt).

PS 50/26 Gåve - båt til praktisk undervisning i oppvekstsektoren

Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling:

Forsikring og ansvar; Vil kommunen passe på at dette er i orden før ein tek MOB-båten i bruk?

Kommunalsjef for oppvekst og kultur Karen Strand og kommunedirektør Jarl Martin Møller svarte på spørsmål. Kommunedirektøren vil sjekke ut diverse og kome med notat på dette før formannskapsmøtet.